

Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 19/1586-1

Forvaltningsrevisjon - forlenging av avtale

Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Rammeavtalen Sogn og Fjordane fylkeskommune har med Deloitte AS om kjøp av forvaltningsrevisjon vert forlenga til 31.12.2019 i samsvar med opsjon i dagens avtale.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

- Rammeavtale mellom Deloitte AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune om kjøp av forvaltningsrevisjon

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjennomførde anbodskonkurransen om kjøp av forvaltningsrevisjonstenester i 2016. Fylkestinget vedtok 6. desember 2016 i FT-sak 44/16, etter tilråding frå kontrollutvalet, å inngå rammeavtale med Deloitte AS om kjøp av forvaltningsrevisjonstenester.

I konkurransegrunnlaget og fylkestingsvedtaket står det at avtalen gjeld i to år med opsjon for forlenging i to år.

Det er fylkestinget som sjølv vel revisor etter tilråding frå kontrollutvalet iflg. kommunelova § 78.

Sak om forlenging av avtalen med Deloitte AS om leveranse av forvaltningsrevisjon er å sjå på som sak om val av revisor, og må dermed handsamast av fylkestinget etter tilråding frå kontrollutvalet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Rammeavtalen Sogn og Fjordane fylkeskommunen har med Deloitte AS gjeld fram til 31. mai 2019. Ei eventuell forlenging vil gjelde ut året inntil samanslåinga med Hordaland fylkeskommune.

Kontrollutvalet er, etter kontrollsjefen si vurdering, godt fornøgdde med Deloitte AS sine leveransar av forvaltningsrevisjon. Rapportane er godt gjennomarbeidde, oversiktlege og lette å lese i tillegg til å bere preg av å vere utarbeidde av høgt kvalifiserte medarbeidarar.

Prosjekta vert alltid levert innanfor kostnadsramma i prosjektplanen.

Det er, og har vore, eit godt samarbeid mellom kontrollutvalet og revisor, der kontrollutvals-medlemmane sine synspunkt blir vektlagde av revisor i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjekta. Deloitte AS har vist at dei har god kompetanse innanfor offentleg forvaltning, og har sær s god erfaring med forvaltningsrevisjon i kommunal sektor. Selskapet har fleire kommunar og fylkeskommunar som sine kundar.

I dagens avtale har fylkeskommunen opsjon til å forlenge avtalen i to år. Denne saka gjeld forlenging av avtalen i sju månader. Kontrollsjefen har vore i kontakt med Deloitte, som aksepterer ei eventuell forlenging av avtalen ut året.

3. Konklusjon

Fylkestinget må, i følgje kommunelova § 78 nr. 4, handsame sak om eventuell forlenging av rammeavtalen med Deloitte AS etter tilråding frå kontrollutvalet.

Etter kontrollsjefen si vurdering er kontrollutvalet er sær s nøgd med Deloitte AS sine leveransar av forvaltningsrevisjonsprosjekt og av forvaltningsrevisjonsrapportane som har vore presenterte.

Ut frå dette vil kontrollsjefen rå til at fylkeskommunen gjer nytte av opsjonen til å forlenge avtalen med Deloitte AS fram til 31.12.2019.